

Til

Radøy kommune

v/rådmann

5936 Manger

Frå

Manger Idrettslag

v/Odd Helge Hagen

5936 Manger

31.01.2015

## **Søknad om kommunal lånegaranti – rehabilitering Grønålen**

Viser til positivt møte mellom Odd Matre og økonomisjef Sveinung Kvamme.

Manger IL søker herved om kommunal lånegaranti for eit lån på inntil 3 200 000 kroner i Sparebanken Vest, i samband med rehabilitering av kunstgrasbana på Manger.

Grønålen er ei av dei mest tradisjonsrike idrettsbanene i Nordhordland. Bana i Manger sentrum var og den første som vart lagt om til kunstgras i Nordhordland. I seinare år har idrettslaget fått opp nytt lysanlegg av god standard. No er kunstgrasdekket si levetid for lengst ute, og anlegget er i ein tilstand som gjer normal bruk vanskeleg. Fotballforbundet sin anleggskonsulent har stadfesta at anlegget er i ein slik tilstand at det gir rett til spelemidlar for totalt rehabilitering.

Å rehabilitera kunstgraset er første trinn i planen Manger IL no legg for Grønålen og området rundt. Målsetnad vidare er å byggja ut ei turløype med utgangspunkt i idrettsanlegget, etter modell fra Brekke-løypa i Knarvik. Vidare å få etablert eit delanlegg for friidrett til bruk for både idretten og skulane. Målsetnad er også å få opp eit moderne klubhus, minibane og diverse

nærmiljøanlegg. Med den kommunalt eigde Radøyhallen med symjehall som nærmeste nabo, vil Manger og Radøy då ha fått ein moderne idrettspark av høg kvalitet. Vi ønskjer å få til denne utbygginga i tett samarbeid med Radøy kommune.

Tradisjonell lagidrett og dugnadsarbeid er i dag under press frå meir stillesitjande aktivitetar. Folk stiller sterkare krav til kvalitet enn for berre nokre få år sidan. Å rusta opp anlegget til moderne standard, ser vi som heilt avgjerande for å kunna sikra at dei positive verdiane knytt til eit slikt anlegg skal kunna bringast vidare. Frå andre bygder veit vi at rehabilitering og utbygging av anlegg gir både idretten og bygda eit stort løft.

Det vil bli søkt om spelemidlar, midlar frå Mohn-fondet og midlar frå andre tilskotsordningar til prosjektet. Vidare vil idrettslaget jobba mot det lokale næringslivet og private sponsorar straks vi har stadfesta at prosjektet kan realiserast. Idrettslaget vil i tillegg til dugnad skyta inn 300 000 i kontante midlar.

Det er framleis sterkt ønskeleg at Radøy kommune bidrar med tilskot til prosjektet. I påvente av at dette vert avklart, søker vi herved om at kommunen stiller garanti for lånet idrettslaget treng for å rehabilitera kunstgrasbana.

Mvh

Odd Helge Hagen

Leiar MIL

98626542